

# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på Nyhamna - Aktivitet 003000036 - Tilsynsrapport</b>	Aktivitetsnummer 003000036
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Gassco si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på landanlegget Nyhamna i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

## 2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

### **3 Mål**

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

### **4 Resultat**

#### **4.1 Generelt**

Norske Shell har regelmessig oppfølging av måltala for alarmsystemet. Rapportane kvar månad med oversikt over måltala viser at det blir arbeidd systematisk med alarmsystemet. Dette er også i samsvar med resultatet frå tilsynet vi hadde i 2018 (vår ref. 2018/1134).

Vi har mottatt vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensningar.

### **5 Observasjonar**

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik:* Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

*Forbetringspunkt:* Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

#### **5.1 Avvik**

Det er ikkje observasjonar som er karakterisert som avvik.

#### **5.2 Forbetringspunkt**

##### **5.2.1 Analyse av arbeidsmiljøet**

###### **Forbetringspunkt**

Selskapet har ikkje dokumentert å ha gjennomført analyser som sikrar eit forsvarleg arbeidsmiljø og gir støtte ved val av tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysningar.

###### **Grunngjeving**

Vi har fått informasjon om at psykososialt og organisatorisk risiko er vurdert som høg for operatørane i kontrollrommet. Det er også gjennomført Health Check Assessment. Det er likevel ikkje gjennomført tilstrekkelege analyser for å sikre forsvarlege vurderingar av total arbeidsbelastning inkludert kognitive og perseptuelle begrensningar i kontrollrommet på Nyhamna.

## Krav

*Styringsforskrifta § 18 om analyse av arbeidsmiljøet*

### 6 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

### 7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- 37-1A-NS-F15-00061\_03M\_1.docx
- 37-1A-NS-X09-00013\_01M\_2.docx
- Alarmhåndtering Nyhamna.pdf
- Alarm rapport jan 2020.pdf
- Alarm rapport feb 2020.pdf
- Alarm rapport mars 2020.pdf
- Alarm rapport april 2020.pdf
- Alarm rapport mai 2020.pdf
- Alarm rapport juni 2020.pdf
- Alarm rapport juli 2020.pdf
- Alarm rapport aug 2020.pdf
- Alarm rapport sep 2020.pdf
- Alarm rapport okt 2020.pdf
- Alarm rapport nov 2020.pdf
- Alarm rapport des 2020.pdf
- Alarm rapport jan 2021.pdf
- Alarm rapport feb 2021.pdf
- Alarm rapport mars 2021.pdf
- Alarm rapport april 2021.pdf
- Alarm rapport mai 2021.pdf
- Alarm rapport juni 2021.pdf
- AMS ESP Health Check template\_Notes.xlsx
- AMS Shall and Technical Authority reference document\_notes.xlsx
- Granskningsrapport presentasjon til Gassco.pdf
- Oppfølgingsspørsmål fra Ptil\_Nyhamna alarmhåndtering i SKR.pdf
- Rapport etter oppfølgingstilsyn med Nyhamna - Alarmbelastning og Human Factors forhold i kontrollrom – 153790.pdf
- TA2 Blokklogg 2021.xlsx
- Terms of Reference ESP Health Check.docx
- Tilsyn alarmhåndtering og kompetansekrav Q4 2021.pdf

- ToR Alarmmøte Nyhamna.pdf
- TOR NYH Morgenmøte 01.02.2021.pdf